

Notat

Dato: 04.04.2019
Arkivsak: 2014/11-28
Saksbehandlar: evavinj

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Årsrapport 2018 - Trygg Trafikk

Trygg Trafikk samarbeider tett med fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) og administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. I 2018 vart Trygg Trafikk Hordaland tildelt 750 000 kr i aktivitetsmidlar frå FTU. I tillegg finansierer FTU, saman med Bergen kommune, ei prosjektleiarstilling og prosjektmidlar til Hjertesoneprosjektet.

Trygg Trafikk rapporterer årleg til Hordaland fylkeskommune på bruken av aktivitetsmidlane gjennom årsrapporten. I årsrapporten kan de lese om ulukkesutviklinga i Hordaland, aktivitetar i 2018, økonomi og finansiering, samt framtidige behov og moglegheiter.

Nullvisjonen står sentralt i Trygg Trafikk sitt arbeid og i 2018 har organisasjonen bidrege til og gjennomført trafikkopplæring og haldningsskapande arrangement for barn og unge, lagt til rette for og hjelpt kommunar i arbeidet mot meir systematisk trafikksikringsarbeid gjennom nettverkssamlingar og godkjenningsordninga Trafikksikker kommune. Trygg Trafikk er også ein pådrivarorganisasjon som arbeider tett opp mot avgjerdsestakarar, som politikarar og administrasjon, for å sikre gode løysingar når det gjeld trafikksikring.

Vedlagt finn de årsrapporten frå Trygg Trafikk i sin heilheit.